



Hordaland fylkeskommune  
Opplæringsavdelinga  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Nyborg 09.01.14

**Tilbakemelding om kva opplæringstilbod Åsane videregående skole vil gi innanfor dei økonomiske rammene som er til disposisjon i 2014.**

Vi har no motteke førebels tildelingsbrev for 2014 (20.12 2013) og legg i tråd med dette opp til følgjande aktivitetar i fengselsundervisninga i 2014.

Forslag til disponering

Hausten 2012 endra vi på kurstilboda i fengselsundervisninga, fordi for mange av elevane ikkje gjekk vidare til årskursa, men berre «shoppa» kurs. Det var i BF det var mest fokus på problemet. I byrjinga fekk vi mykje kritikk for omlegginga, derfor justerte vi i vårsemesteret 2013, og gjorde ytterlegare endringar frå hausten 2013. Tilbakemeldingane etter dette har stort sett vore positive. Vi trur at vi har funne ein tenleg struktur. Vi har endra ein del på tilboda i fengselsundervisninga siste året, hovudsakleg frå hauste 2012.

Vi har fått fleire framandspråklege innsette på skulen. Vi har ikkje klart å legge til rette for kvinnelege innsette slik vi ønskte. Vi har parallellege fag slik at vi i større grad kan differensiere undervisninga. Vi har delt i fag der gruppestørleiken overstig talet på deltakrar som reknast som forsvarleg i fengselsundervisninga. Vi har delt i matematikk, engelsk og norsk. I tillegg gir vi eigne timer i matematikk og fysikk til fagskole- og høgskolestudentar.

I 2014 er det eit sterkt press på skolen i fengselet om å gje tilbod til fleire innsette, særleg retta mot svakare stilte innsette. Ønska er korte, praktisk retta kurs som gir anvendeleg kompetanse, t. d. innan byggfag, men og slike som verkar helsefremjande, treningsfag, kost og hygiene.

I 2013 auka vi aktivitetsnivået på ungdomseininga monaleg. Hausten 2013 var tilbodet på heile 27 timer i uka. Hausten 2014 opnar ny ungdomseining. Vi ser for oss at vi held oppe aktiviteten på dagens nivå, kanskje noko høgare. Vi må og ta høgde for at vi må kjøpe inn mykje nytt utstyr når bygningane etter kvart skal takast i bruk.

Også i 2014 jobbar vi med Grundtvig2-prosjekt. FREE-IT er nemninga, og her deltek 10 land. Det dreier seg om korleis ein kan lukkast med reintegrering av marginaliserte grupper i samfunns- og arbeidslivet.

Førre år sa vi at vi arbeidde med å få på plass ein variant av TAFU. Dette har vi ikkje lukkast med så langt, men ønskjer å ta det fram att, fordi det har ein organisering og metodikk som vi trur vil kunne gagne menneska vi arbeider med. Her samarbeider vi med kriminalomsorga, ulike tiltak som ALF og Trigger, Bergen kommune er med og likeeins NAV.

Rådgjevartenesta vår er ein viktig lekk i den måten vi organiserer fengselsopplæringa. For å skape struktur og samanheng i utdanninga frå lukka fengsel til open anstalt og ut til det ordinære skole - og arbeidsliv, er rådgjevingstenesta alfa omega.

Dette sa vi førre året og det gjeld i like høg grad for 2014: «Vi ser at utviklinga i fengselsundervisninga går mot meir individuelle opplegg. Vi ”syr” saman undervisningsopplegg for den enkelte, som så blir meldt opp til privatisteksamen. Derfor trur vi framtida blir meir fleksibel med tanke på engasjement av lærarar. Vi må ”shoppe” kompetansen der han finst. Dette har vi allereie begynt med, og det kostar. Talet på elevar går ned, samstundes aukar privatistane.» Vi ser at vi større grad må tilpasse opplæringa for den einskilde. Vi nyttar eksterne tilbydarar til nokre av aktivitetane våre, t. d. til teaterkurs, skrivekurs, reinhaldskurs m.m. Vi leiger og inn lærarar frå eigne rekker og andre skolar, der vi har særskilde behov, m.a. til realkompetansevurderingar og ekstraopplæring i den samanheng, og til praksiskandidatar som treng ekstratimar.

### Bergen fengsel og Ulvsnesøy:

Ant. klasser	Programfag og nivå	Ant. elevar	Merknader
2	Studiespesialiserande VG1	10	
1	Studiespesialiserande VG2	6	
2	Tek. og industriell produksjon VG1	12	
2	Sveisekurs m.m.	8	
2	Design og handverk VG1/VG2	10	
2	Restaurant og matfag VG1/VG2	10	.
2	Bygg- og anleggsteknikk VG1/VG2	5	
	Praksiskandidatar/realkompetanse	5	
2	Intro-A	10	
2	Intro-M	10	
1	Kor	10	Ulvsnesøy
3 kurs	Musikk	10	BF, Ulvsnesøy
3 kurs	Data	10	
1	Fagskole/høgskole/universitet	8	

### Bjørgvin fengsel:

Ant. klasser	Programfag og nivå	Ant. elevar	Merknader
1	Restaurant- og matfag VG1	8	Også elevbedrift
1	Hygienekurs		Kortkurs, samarb. med fengselet.
1	Studiespesialiserande VG1	9	
2 kurs(6uker)	Datakort	24	6 t pr kurs pr. uke
1 kurs(6uker)	Digital bildebehandling	12	6 t pr. kurs pr. uke
1 kurs	Steinsliping	6	4 t pr. kurs pr. uke
1	Sykkel	4	Også elevbedrift
1	Teatersport	9	Bjf/Ulv. i periodar.
1	Praksiskandidatar/realkompetanse	5	

**Fossane:**

Ant. klasser	Programfag og nivå	Ant. elevar	Merknad
1	Studiespesialiserande VG1/VG2/høgsk./univ	8	
1	Ulike yrkesprogram VG1	4	
1 Kurs	Datakurs	7	
	Praksiskandidatar/realkompetansekurs	4	
	Sos.ped.oppgåver, utslusing og oppfølging	30	”Utearbeid”
1 Kurs	Trening	7	Fredagar
3 Kurs	Musikk på Verftet	15	Tirs., ons., tors.
1 Kurs	Skrivekurs	5	1 dag pr. uke i periodar.

Kvar av dei tre einingane har eige budsjett og rekneskap, men er samordna og leia frå Fossane. Framleggget er drøfta med avdelingsleiaren og tillitsvalde.

Martin Risøy  
Rektor

Yngve Sandven  
Leiar for fengselsundervisninga